
TITTEL Studieplanendringer for studieåret 2019/20

Studieplanendringer er eit ledd i Universitetets kvalitetssikring av studia. Emneansvarlege og programstyra skal sørge for ei årleg gjennomgang av studietilbodet med sikte på forbetring, korrigering og utvikling av undervisningsopplegg og omtale av dette. Ved fakultetet har vi to årlege fristar for studieplanendringer som er 1. oktober og 1. mars.

Endringer i studieplanar

Fakultetsadministrasjonen har, 05. september 2018, sendt [brev](#) til alle institutt med informasjon om den årlege fristen for studieplanendringer og saksgang. Alle institutt har kome med forslag til studieplanendringer, i tillegg til [Lærarutdanningsutvalet](#) og [bioCEED](#),

Saka om studieplanendringer er delt inn i del A og del B.

Del A handlar om alle studieplanendingane som kan handsamas ferdig ved fakultetet.

Del B handlar om tilråding frå Institutt for geovitskap om nedlegging av fellesgrad. Dette skal, etter vedtak i fakultetsstyre til vidare handsaming i [Universitetets utdanningsutval](#) og til endeleg vedtak i [Universitetsstyret](#).

Alle brev frå institutt om tilråding til endringar ligg som vedlegg til [studiestyresak 18/22](#) i sakslista på MN-Wiki.

Del A Små og store studieplanendingar

Av store studieplanendingar er det i hovudsak meldt inn endringar i studieprogram, som endringar i emnesamansetjing og spesialisering, oppretting og nedlegging av emne og studieretningar på masterprogram. Innmeldte forslag til små studieplanendingar omfattar endringar i emnenamn, krav til forkunnskapar, obligatoriske arbeidskrav, vurderingsform, undervisningsspråk, overlapp og endringar i undervisningsfrekvens på emne.

Hovudpunkt blant forslaga til studieplanendignar:

- ❖ Institutt for informatikk føreslår oppretting av to nye studieretningar i Masterprogram i informatikk: maskinlæring og logikk. I tillegg, Bachelorprogrammet i [informatikk-matematikk og økonomi](#) ny struktur der spesialiseringane vert fjerna. Vidare, får bachelorprogramma [datateknologi](#) og [datatryggleik](#) krav at MAT111 er obligatorisk i staden for val mellom MAT101 og MAT111. Det vert også gjort endringar i studieløpet i bachelorprogram i datatryggleik og veivalet i [masterprogram i informatikk](#), sikker og påliteleg kommunikasjon vert fjerna (kodeteori og kryptografi).
- ❖ Institutt for biovitskap opprettar to emne som speglar [FNs berekraftsmål](#) 14 Liv under vatn og 15 Liv på land. Emna skal være ope for alle studentar ved UiB inkludert innreisande internasjonale studentar.
- ❖ Institutt for geovitskap tilrår å legge ned European Master of Science in Geosciences of Basins and Lithosphere. Studieplanen for bachelorprogram i geovitskap vert endra der emna GEOV101 og EXPHIL vert flytta til høvesvis 1 og 2 semester. I tillegg vil emnet [GEOV217](#) «Geofarar» ekspandere og inngå i iEarth-prosjektet slik at emne også gir tilbod om webinarar for alle samarbeidspartar i prosjektet.

- ❖ Institutt for fysikk og teknologi legg ned studieretninga i [Masterprogram i fysikk](#)- teoretisk fysikk. I tillegg, endrar dei studieplanen for bachelorprogram i petroleum- og prosesssteknologi der GEOV101 og EXPHIL vert flytta til høvesvis 1 og 2 semester.

Del B: Nedlegging av studieprogram

Institutt for geovitskap har vore samarbeidspart i fellesgraden Master's programme in Geoscience of Basins and Lithosphere. Hovuduniversitetet som har koordinert fellesgraden, [Vrije Universiteit Amsterdam](#), har lagt ned graden. Som ei naturleg konsekvens vert fellesgraden også lagt ned ved Institutt for geovitskap.

VEDTAK

DEL A: Fakultetsstyret sluttar seg til [Studiestyret sitt vedtak](#) om å godkjenne dei endringar i studieplanane som institutta har fremja, inkludert merknadar som kom fram i studiestyremøtet og sekretærens kommentarar. Dette føreset at alle forslag til nye emne og studieprogram kan gjennomførast innanfor dagens budsjettramme.

Del B. Fakultetsstyre tilrår forslaget om å legge ned fellesgraden Master's programme in Geoscience of Basins and Lithosphere.

02.11 2018/STB og INC

Helge K. Dahle
dekan

Vedlegg

1. [Tilråding om nedlegging av Master's programme in Geoscience of Basins and Lithosphere – Institutt for geovitskap](#)